

Jøsok Prosjekt AS
Postboks 169 Kokstad
5863 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/7215 - 21/60237

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
05.10.2021

Svar på forelegging av 22kv jordkabel Knarvik og Holsnøy

Alver kommune viser til forelegging av 22 kV jordkabel mellom Isdalstø og nordre Eidavika, mottatt 19.08.2021.

Det skal etablerast 2 nye sjøkablar over Kvernafjorden som skal koplust til eksisterande 22 kV-nett på begge sider av fjorden. I Isdalstø vil landtaket bli utført med borehol frå Alver kommune sitt pumpehus og til sjø. Kablane vil liggja 16-17 meter ned i bakken. Kabelen skal vidare førast gjennom bygd område og fram til nettstasjon ved Spar Isdalstø. Ved nordre Eidavika vil kabelen førast over land i eit strekk på 69 meter, fram til eksisterande 22 kV-leidning.

Planstatus

Ved nordre Eidavika vil traseen gå over areal som i kommunedelplanen for Meland, planid 1256-20190001, er avsett delvis til LNF-føremål og delvis til byggeområde for kombinert føremål, BE_1. Traseen vil liggja delvis i om omsynssone friluftsliv, H530_2, delvis innanfor bandleggingssone H740_4, og delvis i gjennomføringssone H810_1, sone med krav om felles planlegging.

I sjø vil tiltaket vera omfatta dels av kommunedelplanen for Meland og dels av kommunedelplanen for Knarvik – Alversund med Alverstraumen, planid 1263-201701, der traseen berører areal som er sett av til kaste- og låssettingsplass (KL), bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone, kombinert føremål FEFI og trålsone VFI.

Ved ilandføring i Isdal (Herlandsstø) vil tiltaket liggja innanfor reguleringsplanen for Isdal og Gjervik Blad I, II og III, planid 1263-19650805. Reguleringsplanen, som er av eldre dato, gjeld med supplerings/ending av kommunedelplanen for Knarvik – Alversund med Alverstraumen sine føresegner der reguleringsplanen ikkje har eigne føresegner om temaet.

Vurdering

Det er kommunen si vurdering at etablering av ny kabel i sjø vil vera i samsvar med plangrunnlaget. Det går fram av både kommunedelplanen for Meland si føresegn 3.3 og kommunedelplanen for Knarvik – Alversund med Alverstraumen si føresegn 3.5.1 at både

hovudføremål og underføremål i sjø ikkje er til hinder for utlegging av sjøleidningar for vatn, avløp, varmpumper, straum og telenett.

Når det gjeld ilandføring av ny kabel i nordre Eidavika, vurderer vi at tiltaket ikkje vil krevja dispensasjon frå verken arealføremål eller byggeforbodet i strandsona, pbl § 1-8, dersom ny kabel vert gravd ned, tiltaket vert utført skånsamt og terrenget vert reetablert, jf. føresegn 1.6.1 i kommunedelplanen for Meland. Vi har ikkje tilstrekkeleg dokumentasjon til å vurdere om dette kravet er oppfylt.

I Isdalstø vil ny jordkabel vera plassert delvis i strid med byggegrensa langs fylkesveg 57 slik det går fram av vedlagte kartutsnitt. Bygegrensa er vist med grøn heiltrukken linje. For del av strekket vil det derfor vera nødvendig med dispensasjon frå byggegrensa. Alver kommune skal fatta vedtak i saka, etter uttale frå fylkeskommunen som vegstyresmakt og vegeigar. Forelegginga vert vurdert som tilstrekkeleg grunnlag for behandling av dispensasjonssøknaden.

Kabel vil kryssa elv i etablert kryssingspunkt/veg over elva. Bygegrensa langs vassdrag er 20 meter, jf. kommunedelplanen for Knarvik – Alversund si føresegn 2.6.1. Det går fram av føresegna at naudsynt framføring av kablar, leidningar og røyr for teknisk infrastruktur kan skje innanfor byggegrensa så lenge inngrepet skjer skånsamt og terrenget vert attendeført til det opphavelige. Det må likevel avklarast med Statsforvaltaren i Vestland og Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) om det er nødvendig med eige løyve etter Lov om vassdrag og grunnvann (vassressurslova).

Plan og byggesaksavdelinga har vurdert førespurnaden i forhold til gjeldande plangrunnlag. Kabeltrase i borehol under fylkesveg 57 kan krevja avklaring med Vestland fylkeskommune. Vi legg til grunn at nødvendig avklaring med Vestland fylkeskommune vert gjort.

Vi forstår at det er oppretta dialog med Alver kommune si avdeling for samferdsel, veg, vatn og avløp – forvaltning med omsyn til val av kabeltrase, og legg til grunn at nødvendig avklaring i forhold til VA-leidningar ligg føre.

Vi legg elles til grunn at planlagt tiltak er del av områdekonsesjonen og at tiltaket er unntatt frå krav om søknad og løyve etter plan- og bygningslova kapittel 20, jf. SAK10 § 4.3 pkt. c, og at nødvendige privatrettslege forhold er avklart.

Søknaden om dispensasjon frå regulert byggegrense vert behandla som eiga sak ut i frå innsend dokumentasjon.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Kabeltrase i forhold til regulert byggegrense

Kopi til:

Alver kommune ved Samferdsel, veg,

Postboks 4

5906

FREKHAUG

Kopi til:

vatn og avløp - forvaltning

Norges Vassdrags- og Energidirektorat
(nve)Statsforvaltaren i Vestland
Vestland fylkeskommune

Postboks 5091 Majorstua

0301

OSLO

Njøsavegen 2

Postboks 7900

6863

5020

LEIKANGER

BERGEN

Mottakarar:

Jøsok Prosjekt AS

Postboks 169 Kokstad

5863

BERGEN